

Det var semje om at det ikkje er naturleg at det same kravet til standard for vegvedlikehaldet skal gjelde for alle anleggsvegane. Songavegen og Botndalsvegen har fyrsteprioritet.

Til kravet om brøyting er det vist til overskjønnet for reguleringa av Botndalsvatn med overføringar. Det er spørsmål om tidlegare praksis og om kravet er av privat eller ålmenn karakter. Sekretæren blei beden om å ta kontakt med advokat Tine Larsen for å få ei nærare avklaring på spørsmålet.

Sak 11/2010 Revisjonskrav

Kravdokumentet blei gått igjennom på nytt, og enkelte mindre korreksjonar blei gjennomført.

Andre kommentarar:

Bør vise til Stortingsmelding om friluftslivet.

Om tilkomst over nåledam i Mosvatn.

Gytevilkåra for storaure i Totak.

Fisk i Dalåi; tvil om stor aure i Dalåi tidlegare vandra opp frå Tokkeåi eller slapp seg ned frå Strandstøydalsvatnet og Botndalsvatnet.

Om kva ansvaret for vedlikehald av anleggsvegar betyr. Ikkje alle anleggsvegar treng klasse 3 standard. Ansvarsområdet for revisjonssaka bør også gjelde området i Bandak utanfor utløpet av Tokke kraftstasjon. Behov for kartlegging av endra straumtilhøve i nordenden av vatnet.

Oppsummeringa under kap. 8 blei oppfatta som litt for lite stringent, og ein bad om at strekpunkt blir erstatta av meir konkrete tilvisingar til det som er nemnt tidlegare i dokumentet.

Dokumentet må sendast til kommunane for vidare behandling i formannskap og kommunestyre i løpet av neste veke (veke 20). Før det skal utkast sendast på e-post til Kraftutvalet for eventuelle merknader.

Sak 12/2010 Overvåkingsprogram

Framlegg til rammeavtale frå BTV innkjøp var ikkje klar til møtet. Notat frå Fylkesmannen med framlegg til overvåkingsprogram blei referert. Saka blir teken med vidare til Arbeidsgruppa.

Eventuelt

Svarbrev frå Konesjonskraftstyret ved Olav Lio.

Oppstartsmøte Midt-Telemark vassregion i Drammen 28. mai. Kraftutvalet fungerer som referansegruppe også her.

Årsmøte i konesjonskraftstyret 7-8. juni.

Neste møte onsdag 13. oktober 2010, i Vinje.



Helge Kiland

